

Stian Jean Opedal Davies (A) sette på vegner av A, Krf, MDG, Sp, SV, V fram slikt forslag:

A. «Alternativ punkt 1

Vestland fylkeskommune ser at reguleringa av Aurlandsvassdraga har stor samfunnsnytte med stor produksjon av rein kraft. Men sidan konsesjonen blei gitt på ei tid då natur, miljø, friluftsliv og kulturminne blei tillagt mindre vekt enn i dag må revisjonen gje konsesjonsvilkår meir i tråd med dagens miljøstandard. Vestland fylkeskommune legg til grunn at nye vilkår har ein god balanse mellom kraftproduksjon og tiltak som betrar miljøet i Aurlandsvassdraget. Vilkårsrevisjonen er eit høve til å gjere naudsynte restaureringstiltak i regulerte vassdrag. Dette er i tråd med føringane i naturavtalen, og det er i tråd med FN sitt tiår for restaurering av økosystem.»

B. «Tillegg – nytt punkt 11

Vestland fylkeskommune støttar hovudtrekka i Aurland kommune si uttale til revisjonsdokumentet.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

A. «Tillegg – nytt punkt 9

Vestland fylkeskommune oppmodar om at det vert oppretta eit fond for fiske, vilt, friluftsliv og beite og eit fond for villrein, i samsvar med fråsegn frå Aurland kommune.»

B. «Tillegg - nytt punkt 10

Vestland fylkeskommune er samd med Aurland kommune si vurdering av behovet for flaumsikring.»

Avrøysting

Davies sitt forslag (A) vart vedteke mot 2 røyster (FrP) for innstillinga punkt 1.

Innstillinga punkt 2 til punkt 8 vart samrøystes vedteken.

Bjørkly sitt forslag (A) vart samrøystes vedteke.

Bjørkly sitt forslag (B) vart vedteke mot 6 røyster (A, MDG, Krf, V).

Davies sitt forslag (A) vart vedteke mot 3 røyster (FrP, INP).

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ser at reguleringa av Aurlandsvassdraga har stor samfunnsnytte med stor produksjon av rein kraft. Men sidan konsesjonen blei gitt på ei tid då natur, miljø, friluftsliv og kulturminne blei tillagt mindre vekt enn i dag må revisjonen gje konsesjonsvilkår meir i tråd med dagens miljøstandard. Vestland fylkeskommune legg til grunn at nye vilkår har ein god balanse mellom kraftproduksjon og tiltak som betrar miljøet i Aurlandsvassdraget. Vilkårsrevisjonen er eit høve til å gjere naudsynte restaureringstiltak i regulerte vassdrag. Dette er i tråd med føringane i naturavtalen, og det er i tråd med FN sitt tiår for restaurering av økosystem.

2. Det er avgjerande at nye konsesjonsvilkår legg særleg vekt på at kraftverka i Aurlandsvassdraget vidare skal produsera store mengder kraft, og bidra med viktige kraftsystemtenester.

3. NVE må stille krav om at det vert gjort ei kartlegging av eksisterande kulturminneverdiar og oppfølgande kulturminneregistrering i revisjonsområdet.

4. Vestland fylkeskommune ber om at friluftsliv- og landskapsopplevinga tilknytt den nasjonalt viktige fotturen gjennom Aurlandsdalen vektleggjast ved utforming av vilkår for minstevasslepp oppstraums Østerbø.

5. Revidert konsesjon bør innehalde vilkår slik at miljømåla etter vassforskrifta vert nådd. Det bør etablerast eit overvakingsprogram som vurderer om tiltaka fungerer etter føremålet.4.

6. Vilkårsrevisjonen må sjåast i samanheng med oppgraderingsarbeid ved Nyhellerdammen og føreslegne tiltak i «Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein» for å realisere landbru over Nyhellervatnet. Dette vil gjenopprette ei trekkroute for villreinen som vart sperra av neddemminga.

7. Vestland fylkeskommune meiner at det er riktig å òg diskutera O/U-prosjekt i revisjonsprosessen. Å vurderer O/U-prosjekt samstundes med å oppdatera konsesjonsvilkår gjer at kost/nytte kan vurderast meir heilskapleg. Dette aukar potensialet for at vassdragskonsesjonen vert meir miljømessig, teknisk og økonomisk gunstig.

8. Revidert konsesjon må ha vilkår som er med på å sikre ei sterk og levedyktig stamme av laks og sjøaure.

9. Vestland fylkeskommune oppmodar om at det vert oppretta eit fond for fiske, vilt, friluftsliv og beite og eit fond for villrein, i samsvar med fråsegn frå Aurland kommune.

10. Vestland fylkeskommune er samd med Aurland kommune si vurdering av behovet for flaumsikring.

11. Vestland fylkeskommune støttar hovudtrekka i Aurland kommune si uttale til revisjonsdokumentet.